i fjor satt ut 39 mill. planter, mot 37 mill. i 1956 og 32 mill. i 1955. Det var stor framgang både Vestafjells og i Trøndelag, men i Nord-Norge ble det for lite planter. Det ble i 1957 plantet til et skog-reisingsareal på ca. 105 000 dekar, eller nesten 30 % mer enn det planlagte årlige gjennomsnittsareal på 82 000 dekar.

Skogreisinga er også begynt i mange fjellbygder på Sørlandet, Østlandet og Trøndelag. Fra og med i fjor har endel fjellbygder i disse landsdelene fått auka statsbidrag. Skogreisinga er stort sett lagt opp etter de samme retningslinjer her som i kyststrøka,, men i de høgtliggende fjellbygdene er det ekstra viktig at skogreisinga foregår under faglig tilsyn.

Departementet har enda ikke fullstendige oppgaver over skogs-grøftinga i fjor, men det er sannsynligvis utført mer grøfting og rensking av grøfter enn i noe annet år etter krigen. Det blir nå utført omfattende forsøk med maskinell skoggrøfting, og det er alt oppnådd gode praktiske resultater. Grøfting ved hjelp av grøftedyna-mitt har også hatt framgang i 1957.

LOT.

PROGNOSE FOR NORSK JORDBRUK.

Om lag 120 000—160 000 personar vil flytta frå jordbruket fram til 1985, og talet på sjølstendige bruk vil gå attende med 30 000—50 000. Desse tala bygger på ei prognose av forskningssjef Odd Aukrust.

Det er føresetnaden at det vert dyrka 90 000—145 000 dekar i året, at arealet av natureng går ned med 30 000—45 000 dekar årleg og at 35 000 dekar innmark i året går til andre føremål enn jord-bruksproduksjon.

Utbyttet av den dyrka jorda vil auke fra 245 f.e. pr. dekar i 1955 til ein stad mellom 277 f.e. og 300 f.e. i 1985. Vidare er det rekna med at haustutbyttet frå utmark og fjell vil gå attende med 100 mill. f.e. i heile 30 års bolken.

Dette og meir fortel ei prognose for norsk jordbruksproduksjon fram til 1985 som Institutt for driftslære og landbruksøkonomi ved Norges Landbrukshøgskole har komi med.

Føresetnaden for nedgangen i sysselsette er talet på sjøvstendige gardsbruk går attende slik som nemnt.

Innmarksarealet har endra seg lite frå århundreskiftet og fram til 1955, når vi ser bort frå åra under siste krigen. Utviklinga fram-over meiner dei i første rekke vil retta seg etter nydyrkinga, etter reduksjonen av arealet natureng, og kor mykje jord som vil gå ut av jordbruksproduksjonen. I Stortingsmelding nr. 60 — 1955 er det sett som mål å dyrka 145 000 dekar i året. Som eit alternativ til dette reknar Instituttet med 90 000 dekar pr. år, eller tilsvarande det som har blitt dyrka årleg i det siste. Tilbakegangen av natureng er sett

til 30 000—45 000 dekar i året. Vidare reknar dei med at 35 000 dekar innmark vil gå ut av jordbruksproduksjonen kvart år fram til 1985.

På bakgrunn av desse føresetnadene vil innmarksarealet pr. innbyggjar i 1985 anten bli 2,55 eller 3,06 dekar, mot 2,95 dekar i 1955.

I same tidsbolken reknar dei med at avlingane aukar frå 245 f.e. 1955 til 300 eller alternativt 277 f.e. pr. dekar i 1985. Hausteutbyttet frå utmark og fjell går dei ut frå vil gå tilbake med 100 millionar f.e. i heile 30 års perioden.

I tida 1951—55 blei 82,3 % av planteproduksjonen nytta til fôr. Dei trur her det vil bli ein nedgang til 80 %. Bruken av kraftfôr er sett til 20 %prosent av totalfôret. Kraftfôr av norsk korn som i tida 1951—55 utgjorde 6,9 % av totalfôret reknar dei med vil stiga til 7,25 % i perioden 1956—60 og til 8,5 % i tida 1981—85.

Prognosen for husdyrproduksjonen er rekna ut på grunnlag av total fôrtilgang og fôrnyttingsgraden pr. 100 f.e. Utviklinga av fôrnyttingsgraden i tidsbolken 1955—85 er den same som mellom femårsbolkene 1926—30 og 1951—55.

Husdyrproduksjonen pr. innbygger i 1985 vil etter dette liggja på 119 eller 94 når produksjonen i 1955 er sett lik 100. Dei ulike tala kjem fram på grunn av alternative føresetnader når det gjeld jordareal og avling. Om utviklinga går i retning av det første alternativet, vil husdyrproduksjonen pr. innbyggjar halda seg om lag på det same som i 1955 dei første ti åra framover. Resten av prognosetida vil det så bli ei jamn stigning slik at produksjonen kjem til å liggja 19 % høgare i 1985. Går utviklinga etter føresetnaden for det andre alternativet, kjem produksjonen i heile 30 års perioden til å liggja 5—6 % lågare enn i 1955.

Etter første alternativet vil innmarksarealet gå opp med 0,1 dekar pr. innbyggjar, og i det andre høve blir det ein nedgang på 0,4 dekar.

Instituttet har og rekna med produksjonsutviklinga i det tilfelle at innmarksarealet pr. innbyggjar blir halde på det same som i 1955. Det trengs da ei nettoauking av innmarka på om lag 65 000 dekar i året. Med den avlingsaukinga som det er rekna med vil da husdyrproduksjonen pr. innbyggjar halda seg jamn fram til 1960 og sidan stiga jamt til 1985 slik at produksjonen da blir 9 % høgare pr. innbyggjar enn i 1955.

Produksjonen må elles retta seg etter forbruket av husdyrprodukt pr. innbyggjar. Instituttet finn det lite rimelig at aukinga i forbruket pr. innbyggjar vil bli større enn den produksjonsaukinga som vil bli oppnådd om innmarksarealet pr. innbyggjar blir halde konstant.

Forfattarane av prognosen peiker på at det er temmeleg usikkert å spå så lang tid som 30 år inn i framtida, serleg fordi vi er inne i ei så sterk industriell utvikling som kan føra til andre tekniske og økonomiske føresetnader enn dei det er rekna med i prognosen.

LOT.